



# DETALJREGULERINGSPLAN FOR GREVSNESET, (GNR. 31, BNR. 1 OG 7)

Planidentifikasjon: Kartnr. i kartarkivskap nr. 1  
2019001

Eigengodkjenningsdato  
dd.mm.åååå

Eigengodkjend av:  
VOLDA kommunestyre

## Områdeomtale/plangrense:

Plangrensene er vist på reguleringskartet 2319-100, sist revidert dd.mm.åååå.

## §1. – GYLDIGHETSOMRÅDE

Desse føresegnene gjeld innanfor plangrensa som vist på plankartet. Innanfor desse grensene skal areala nyttast slik som planen (plankartet og føresegnene) fastset.

## §2. – PRIVATRETTSLEGE AVTALAR

Etter at denne reguleringsplanen er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

## §3. – REGULERINGSFORMÅL

Arealet innanfor reguleringsgrensene skal nyttast i samsvar med § 12-5 i plan- og bygningslova (PBL av 2008) til følgjande føremål:

### 3.1. BYGNINGAR OG ANLEGG

- Steinbrot/massetak (BSM1 – BSM6), sosi-kode 1201
- Annan type bebyggelse og anlegg (BAB1): Returbetong (sosi-kode 1500)
- Annan type bebyggelse og anlegg (BAB2): Returasfalt (sosi-kode 1500)
- Annan type bebyggelse og anlegg (BAB3): Lager sprengingsutstyr (sosi-kode 1500)

### 3.2. SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

- Veg (SKV), sosi-kode 2011

### 3.3. GRØNSTRUKTUR

- Naturområde (GN1): buffersone mot edellauvskog (sosi-kode 3020)
- Naturområde (GN2): edellauvskog (sosi-kode 3020)

### 3.4. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL

- Skogbruk (LSK1): (sosi-kode 5112)

## §4. – AREALBRUK

### 4.1. RÅSTOFFUTVINNING - STEINBROT/MASSETAK:

- I område BSM1 etablerast steintak. I området kan takst ut laus stein i djupne inntil 10 meter frå noverande terrengnivå. Djupne avgrensast i hht faktisk djupne lause masser og i hht rasrapport vedkomande tilrådde gjenverande masser, jf. vedlegg C4 i bokstav g) under.
- I område BSM2 kan etablerast steinbrot og takst ut masser i h.h.t. viste uttaksnivå på plankartet - vist med høgdelinjer og tekst på plankartet. Nødvendig undersprenging kjem i tillegg til vist høgd på dei ulike pallenivåa. Viste pallenivå kan justerast som følgje av

opptreande fjellkvalitetar og sprekkdanningar i h.h.t. gjeldande driftsplan. Sikringstiltak som ev. kan bli påverka av slik justering tilpassast.

Minimumsavstanden mellom masseuttaket og vegg i Rosethorntunnelen på E39

er sett til minimum 40 meter og til tunnelheng minimum 40 meter. Nivå for maksimal risting (vibrasjonar) målt i tunnelen ved drift (sprenging) i masseuttaket skal ikkje vere større enn 20 mm/s.

- c) I område BSM3 kan masser knusast, sorterast, transporterast og lagrast. Dette gjeld både steinmassar, jordmassar og overskotsmassar. I område kan lause masser fjernast. Det kan plasserast anlegg i området som nyttast for uttak og produksjon av steinfraksjonar, jf. også pkt. g) under.
- d) Innan område BSM4 kan lagrast ferdige produkt/steinfraksjonar. Enkle mindre lagerbygg med lite personopphald kan byggast for lagring av massefraksjonar, jf. tillatne byggverk i TEK17 §7.3 sikkerheitsklasse S1.
- e) Områda BSM5 og BSM6 kan nyttast til tilkomst og sikring under drifta. Innan areala kan det gjerast naudsynte tiltak for dette. Innan området BSM5 kan sikringsvullen som etablerast innan BSM1 nytte deler av arealet.
- f) Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigheit etter lova. Drift skal skje i h.h.t. driftsplan godkjent av Direktoratet for mineralforvaltning. Ved vesentlege endringar/avvik som vist til i 1. avsnitt over, skal driftsplanen reviderast. Viser elles til vilkår fastsett i gjeldande driftsplan. Drift skal også skje i samsvar med forureiningsforskrifta kap. 30.
- g) I området BSM1 og BSM3 skal etablerast fangvoll/sikringsvoll. Det visast til rapportane frå Asplan Viak:
  - vedlegg C4: «Aurstad Tunell AS; SKREDFAREVURDERING OG VURDERINGAR KNYTT TIL UTTAK AV URMASSAR GREVSNESET MASSEUTTAK» AV 14.06.2021 Versjon: 02
  - vedlegg C5: «Aurstad Tunell AS; SKREDFAREVURDERING FOR REGULERINGSARBEID GREVSNESET MASSEUTTAK» AV 25-06-2021 Versjon:03.Vollane skal opparbeidast med breidd og høgd som vist til i ovannemnde rapportar og som vist med grense for infrastruktursonene (rekkjefølgjekrav) på plankartet. Omfanget av sikringa kan tilpassast bruk av tilgrensande areal, men ikkje plasserast nærmare skjeringsfot enn kva rasvurderingane har fastsett.

Rassikring innan BSM1 skal til ei kvar tid vere etablert i slikt omfang at ev. steinsprang/-ras som følgje av masseuttak er sikra mot nedfall utanfor reguleringsområdet. Etablert voll skal oppretthaldast etter at drifta er avslutta som sikring mot nedfall mot bebyggelse og vegnett.

Rassikring innan BSM2 og BSM3 skal til ei kvar tid sikre tilgrensande areal som nyttast som del av drifta, her i areal for knusing, lagring og uttransport av masser. Under uttaksperioden kan vollane si plassering innan områda flyttast i takt med nedre pall.

Vollane innan BSM2 og BSM3 fjernast når drifta er avslutta.

Det vert lagt til grunn at fangvollane si endelege plassering, oppbygging og dimensjon skal fastsetjast ved detaljprosjektering og byggast i h.h.t. dette. For vollane innan BSM2 og BSM3 kan det nyttast eigna ferdigproduserte steinmassar ved bygging.

#### 4.2. – ANNAN TYPE BEBYGGELSE OG ANLEGG

- a) Innan område BAB1 kan etablerast anlegg for mottak, knusing og lagring av returasfalt. Dette i h.h.t. løyve gitt av fylkesmannen.
- b) Innan område BAB2 kan etablerast anlegg for mottak, knusing og lagring av returbetong. Dette i h.h.t. løyve gitt av fylkesmannen.
- c) Innan område BAB3 kan etablerast anlegg for lagring av sprengingsutstyr.
- d) Innan BAB-områda kan byggast lagerbygg med lite personopphald, jf. tillatne byggverk i TEK17 §7.3 i sikkerheitsklasse S1. Maks bebygd areal er BYA=30%.

#### 4.3. – SAMFERDSEL OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

I område for vegføremål skal det byggast køyreveg. Vegen opparbeidast med breidder som vist i plankartet, men kan tilpassast til i kvar tid gjeldande behov. Grøft, skjering og fylling kan leggest på sideareal.

#### 4.4. – GRØNTOMRÅDE

4.4.1 Område GN1 skal fungere som buffersone mot edellauvskogen i området GN2. Det skal ikkje gjerast tiltak innan området.

4.4.2 Område GN2 er eit område med verna edellauvskog. Det visast til eigne vernereglar for skogen.

#### 4.5. – LANDBRUKS- NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE

##### 4.5.1 Jordbruk

Det visast til illustrasjonsplan, plankart 2319-300. Som etterbruk av planert uttaks- og produksjonsareal skal det innan viste areal for jordbruk på illustrasjonsplanen opparbeidast jordbruksområde etter at; masseuttak er ferdig, lagra masser fjerna og mottak av returafalt og returbetong avslutta. Det vert lagt til grunn at tilstelling av jordbruksareala skjer i samsvar med Norsk landbruksrådgiving/NIBIO sin rettleiar «jordmassar – frå problem til ressurs». Området kan opparbeidast stegvis ettersom drift på enkeltareal er avslutta.

##### 4.5.2 Skogbruk

Område LSK1 er føresett å kunne driftast som eit skogbruksområde – ut frå dei føresetnadene som terrenget gjev. Det skal likevel ikkje gjennomførast vesentlege tiltak innan området i uttaks- og driftsperioden for massetaket utan at dette er nærmare avklara i høve tryggleiksforhold.

### §5. – FELLESFØRESEGNER

#### 5.1. REKKEFØLGJEKRAV

Sikringstiltak/fangvollar skal etablerast innan områda for infrastruktursone og i h.h.t. pkt. 4.1 bokstav g), jf. også pkt. 5.3 nedanfor og godkjent driftsplan. Arbeidet kan gjerast stegvis i samsvar med driftsplanen.

Før uttak av steinmasser innan områda BSM1 og BSM2 skal brukbare jordhaldige massar leggest opp i ranke for utlegging/reetablering innan desse områda etter avslutta massetak.

#### 5.2. FARESONE

Rasfare (H310).

H310-1: Faresone årlig sannsynlighet større eller lik 1:100

H310-2: Faresone årlig sannsynlighet større eller lik 1:1000

#### 5.3. INFRASTRUKTURSONE

Rekkjefølgjekrav (H430) for bygging av rassikring, jf. Asplan Viak sine skredfarevurderingar, jf. § 4.1 g). For sikringsvoll i området H430-1 følgjer byggegrense linje for infrastruktursone i sør og vest. I nord/aust er det lagt til 3 meter for tilpassing til ev. utgravne masser. For sikringsvoll innan områda H430-2 og H430-3 følgjer byggegrense delvis infrastruktursone. Rassikring skal i utgangspunktet byggast innan vist område for infrastruktursone, jf. også pkt. 4.1 bokstav g), men tilpassast seinare detaljprosjektering. Viser elles til fastsett byggegrense.

#### 5.4. STØYTILTAK

Retningslinje T-1442 og dei retningslinjer som vert opp trekte i støyrapport frå Brekke Strand nr. AKU-01, datert 07.04.2020, skal innarbeidast i driftsplanen og leggst til grunn for arbeid innan områda planen omfattar. Støy frå verksemd skal ligge innan rammene omtala i forureiningsforskrifta kap. 30.

Gjeldande grenser for dag, kveld og natt i forskrifta:

Døgn måndag - fredag	Kveld måndag - fredag	Døgn laurdag	Døgn søndag/ heilagdag	Natt (kl. 23-07)	Natt (kl. 23.07)
55 L <sub>den</sub>	50 L <sub>den</sub>	50 L <sub>den</sub>	45 L <sub>den</sub>	45 L <sub>night</sub>	60 L <sub>AFmax</sub>

### 5.5. TERRENGBEHANDLING

I den grad der er vesentlege jordhaldige massar innan område BSM1 skal desse leggst i ranke for seinare tilbakeføring.

Innan område BSM2 skal dei enkelte pallenivåa dels tilplantast med stadeigen vegetasjon i.h.t. driftsplanen når massetaket er ferdigstilt.

### 5.6. AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Dersom det viser seg at tiltak innanfor planen kan skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på annan måte utilbørlig å skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje, må arbeida straks stansas og Kulturminneforvaltninga varslas umiddelbart. Ansvar ligg hjå tiltakshaver og/eller ansvarshavande leiar på plassen. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.

---

Sølvi Dimmen  
-ordførar-

---

Rune Sjurgard  
- kommunaldirektør-